



Leger i spesialisering del 1 (LIS1) i kommunane i Telemark 2. halvår 2019, sjå eiga liste

Sakshandsamar, innvalgstelefon

Ellen Bang Andersen, 35 58 63 42

Invitasjon til kurs i akuttmedisin for legar i spesialisering del 1 (LIS1) i TELEMAR, 3. – 4. september 2019 i Seljord

Seljord legevakt arrangerer saman med helse- og omsorgsavdelinga hos Fylkesmannen i Vestfold og Telemark, kurs i akuttmedisin for legar som tar del i allmennlegevakt. Kurset er obligatorisk for LIS1 og er ope for alle andre allmennlegar i Telemark med behov for eller ynskje om å friske opp kunnskapane knytt til legevaktarbeid. Legar som rettleiar LIS1 har fortrinnsrett til kurset.

Me legg vekt på praktisk opplæring, gjennomgang av prosedyrar og trening på simulerte pasientar/situasjonar. Vårt håp er at deltakarane skal føle seg tryggare – og med god grunn – når akutte situasjonar oppstår i det verkelege liv på og utanfor legekontoret. Det vil også bli lagt vekt på teamarbeid og kommunikasjon rundt akutte hendingar.

Kurset er godkjent av Helsedirektoratet som Akuttkurs for legevaktspersonell, med føresetnad om at nettkurs er gjennomført. Utgifter til nettkurs vert refundert hjå Fylkesmannen saman med reiseutgiftene.

Praktiske opplysningar

Oppmøtestad er Granvin kulturhus i Seljord, www.granvinkulturhus.no. Overnatting og middag på Nutheim Gjestgiveri (www.nutheim.no) vert tinga av kursarrangør dersom ikkje anna vert opplyst om ved påmelding. Nutheim Gjestgiveri har berre 15 rom og det er difor naudsynt for nokre av deltakarene å dele rom. Dersom du ynskjer å dele rom med ein bestemt kursdeltakar, så sei ifrå om dette ved påmelding.

LIS1 får dekt sine utgifter (kursavgift, nettkurs, reise og opphald) frå Fylkesmannen i Vestfold og Telemark.

Kursavgift for dei andre: kr 3 300

Hotell m. tre-retters middag og frukost, overnatting i enkeltrom kr 1 315, dobbeltrom kr 1 015. Middag kr 500 kommer i tillegg.



Andre deltakarar må sjølv dekkje utgifter til overnatting og middag. Dette må betalast direkte til Nutheim før heimreise. Kursavgifta betalast inn på faktura frå Fylkesmannen i Vestfold og Telemark før kursstart (faktura vert sendt ut).

Talet på deltakarar: 24, der 22 er reservera LIS1 i Telemark.

Bindande påmelding (elektronisk) til Fylkesmannen i Vestfold og Telemark

<https://www.fylkesmannen.no/nb/vestfold-og-telemark/kurs-og-konferanser/kurs-i-akuttmedisin-for-lis1/> **innan 28. august 2019.**

Førebels program for kurset ligg ved.

Ansvarleg for kurset er sjukepleier på legevakt Grete Venås og kommunelegen i Seljord.

NB! Vi gjer merksam på at nokre av dei praktiske øvingane vil vere utandørs (2. kursdag). Det vil difor vere behov for varme klede og varmt fottøy.

I forbindelse med ny forskrift for legevaktpersonell er det behov for eigenopplæring i form av nettkurs før akuttkurset. Alle deltakarane på akuttmedisinkurset i Seljord må difor ta 3 nettkurs. Kursbevis frå nettkursa må vises fram. Arbeidsgjevar skal legge til rette for (eventuelt ved å gje 8 timar avspasering) at nettkursa kan verte fullført. Nettkursa kostar 250 kroner per stykk, kostnadene vert refundert av Fylkesmannen (saman med reiserekninga for kurset):

1. Volds- og overgrepshåndtering <https://kurs.uni.no/course/view.php?id=12>
2. Akuttmedisin <https://kurs.uni.no/course/view.php?id=16>

Desse to kursa finn dykk på OPPVAKT

3. I tillegg må dykk ta eit kurs på NAKOS, kurs for brukarar av radioterminal <https://www.nakos.no/course/index.php?categoryid=163>

Dykk må ta med kursbevis for gjennomgått kurs for å få akuttkurset fullt ut godkjent.

Velkomen!

Med helsing

Randi Askjer (e.f.)
fagsjef

Ellen Bang Andersen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg
Forebels program 3.-4. september 2019